

Vår saksbehandlar: Stig Lodve Janbu

Vår dato:  
25.03.2019  
Dykkar dato:  
03.02.2019

Vår referanse:  
2019/1597  
Dykkar referanse:

Radøy kommune

## Tilskotsbrev 2019 - tilskot til tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats på 1.-10. trinn - Radøy kommune, 2. utbetaling

Statsbudsjettet for 2019 ble vedtatt i Stortinget i desember 2018.

Vi viser også til vårt tilskotsbrev av 05.02.2019.

Føremålet med tilskotsordninga «tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats på 1.-10. trinn», kap. 226 post 63, er å setje kommunane i stand til å auke lærartettleiken i grunnskulen.

Skuleåret 2018-2019 skal gruppestorleik 2 (dvs. i ordinær undervisning) vere maksimalt 16 på 1.-4. trinn og maksimalt 21 på 5.-10. trinn. Frå hausten 2019 skal gruppestorleik 2 vere 15 på 1.-4. trinn og 20 på 5.-10. trinn. Norma gjeld på kvart hovudtrinn, på skulenivå, jf. opplæringslova § 8-3 og forskrift til opplæringslova § 14A-1.

### Løyving 2019

For at kommunane skal kunne vidareføre lærarårsverka tilskotet finansierte i 2018, er det løyvd 1.752,67 millionar kroner i 2019. Løyvinga gjer at lærarnorma oppfyllest i tråd med normtala skissert over. Utgangspunktet for berekning av den samla kompensasjonen til kommunane er den same som for hausten 2018.

### Fordeling av tilskotsmidlar

Hovuddelen av midlane blir fordelt til alle kommunane etter delkostnadsnøkkelen for grunnskulen 2019, medan omlag 500 millionar kroner blir fordelt særskilt til kommunar med behov for fleire lærarårsverk enn fordelinga frå delkostnadsnøkkelen for å oppfylle lærarnorma.

### Tilskot

Tilskotsordninga er budsjettstyrt og løyvinga i statsbudsjettet har difor direkte innverknad på storleiken på tilskotet som kan bli utbetalt. På grunnlag av berekningar gjort av Kunnskapsdepartementet gir Utdanningsdirektoratet følgjande tilsegn om tilskot til Radøy kommune for 2019:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Tilskudd til økt lærerinnsats	1262839,00	Jan-Des	—	1 262 839,00
<b>Totalt:</b>	<b>1262839,00</b>			<b>1 262 839,00</b>

(Tabellen ovanfor er automatisk generert frå Utdanningsdirektoratet sitt system for berekning og utbetaling av tilskot.)

Merk: Periode i tabellen er «Jan-Des» og syner kommunens totale tilskott frå ordninga i 2019, men utbetalinga no gjeld for perioden august til desember.

7/12-del av beløpet i tabellen vart utbetalt i februar. Resterande 5/12-deler utbetalast no, det vil seie i ultimo mars.

Beløpet blir utbetalt til Radøy kommune (org.nr. 954748634) kontonummer 36360700776.

### **Rapportering frå kommunane**

Kommunane skal gjennom ei enkel rapportering til Utdanningsdirektoratet stadfeste at tilskotsmidlane for 2019 er brukt til lærarårsverk til undervisning på 1.–10. trinn. Frist for rapportering er 15. januar 2020. Kommunane vil få nærare beskjed om denne rapporteringa.

Tilsegn om tilskot er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2019.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter dei fastsette vilkåra, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos tilskotsmottakar for å kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Radøy kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brote vilkåra for tilskotet, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake tilskot eller krevje det tilbake. Ved feil i utrekning eller i utbetaling av tilskotet kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar, eller tilskot kan krevjast betalt tilbake til Utdanningsdirektoratet.

For regelverk og annan informasjon viser vi til Utdanningsdirektoratet si nettside [www.udir.no](http://www.udir.no)

Med helsing

Bjørn Erik Rasmussen  
avdelingsdirektør

Stig Lodve Janbu  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent